



Sal av årer og lodd går hand i hand. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rekorden frå i fjor på 38 576 kroner vart ikkje slått under den tradisjonelle helselagsbasaren i Helgheim i kveld. Resultatet vart 32 690 kroner, men det var ein god og triveleg basar for eit godt føremål.

Basaren bekrefta til fulle at Uskedalen er ei god basar- og innsamlingsbygd!



Berit Harriet Døssland sel årer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt rekna 40 framsmøtte gjorde sitt beste for å drive omsetnaden i veret gjennom dei tradisjonelle og godt innøvde fasane: Åresal og talongboksar med matøkt imillom.



Selma Eik leiar basaren, medan tre av dei gode hjelparane står klare til å formidla gevinstar: Malin B. Eik, Kjartan E. Tungesvik og Tone Helen Ljosnes Moen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også dette året var det lagt eit solid grunnlag på førehand med loddssal for omlag 20.000 kroner av iherdige helselagskvinner, som hadde vore i aksjon både i SPAR, Gamleskulen, Odda og rundt i bygda.

Gevinstsamlinga var imponerende allsidig også dette året - her kunne ein vinna alt frå fiskepudding via bunadssokker og AFA-krakk til traktor i miniformat.

Dette var kva ein kan kalla ein god. gamaldags basar prega av rutinert regi og triveleg samvær.

Leiar og eldsjel Selma Eik sørga også for den rette innramminga med 'No livnar det i lundar' som innleiing og dette fyndordet til slutt: 'Lykkelig den som har forstått den enkle filosofi: Å omsette noe av det man har fått i den glede det er ved å gi'.

Uskedalen har mange glade gjevarar

Av Ola Matti Mathisen